



Fråsegn i høve klage på vedtak om dispensasjon frå arealføremål på gnr. 126, bnr. 11.

Det er søkt om og avslege frådeling av parsell med føremål oppføring av bustadhus på gnr. 126, bnr. 11. Søknaden vart ikkje sendt til landbruk for uttale/vedtak. Dette m.a. på grunn av at søkjar skreiv: «I første omgang ønsker vi å få behandlet tiltaket utelukkene i forhold til gjeldende plangrunnlag». Det har òg vore dialog om saka på eit tidleg stadium i kommunen mellom landbruk og plan- og byggsak. Om saka vart sendt oss eller ikkje har uansett ikkje hatt noko avgjerande utfall for saka.

På bakgrunn av dette kjem vi med ei fråsegn i samband med klagen.

Den tenkte parsellen ligg midt i eit område som i dag er registrert som innmarksbeite. I klagen vert det peika på at det har vore kontakt med landbruksavdelinga for å «omregulere kartet» frå innmarksbeite til annet areal. Dette er vorte lovd å gjere til våren i fylgje klagar. Parsellen er tenkt plassert slik for å mest mogleg verne på og ta i vare beitet kring parsellen. Området parsellen er tenkt plassert på, ligg på bratt fjell, sprakar og ur og slik sett ikkje eignar seg som innmarksbeite.

Vår vurdering:

I høve vurdering av landbruksinteressene er det meir enn sjølve arealbruken til parsellen som er avgjerande. Like viktig er korleis bruken av kringliggjande areal som framleis er innmarksbeite, vil verte påverka av ei eiga tomt. For drifta av kringliggjande innmarksbeite vil ein slik parsell kunne gje ulemper i samband med drift av innmarksbeitet. At den vert liggjande som ei «øy» på egedomen, er i seg sjølv heller ikkje heldig då beitet uansett kvalitet på sjølve tomta, vert fragmentert om det vert etablert ein eigen eigedom med bustad her.

Konklusjon:

Landbruksinteressene vil verte skadelidande om klagen vert komen i møte.